

«Målfolk laga sine egne nettverk lenge før sosiologane hadde funne opp begrepet», skriv Ottar Grepstad (2002, s. 372). Målrørsla er ein språkleg minoritet, men med betydelege evner til organisasjons- og lobbyverksemd gjennom meir eller mindre formelle nettverk. Dette paperet nyttar forholdet mellom to svært ulike aktørar i den tidlege målrørsla som inngang til å studere denne nettverksbygginga. Begge var bondestudentar, men alder, livssyn og livsvegar skil dei. Elias Blix (1836-1902) var den ortodokse teologen og salmediktaren som steig inn i samfunnseliten som universitetsprofessor og statsråd (Aschim, 2008). Arne Garborg (1851-1924) var fritenkjaren og den sjølvstendige kunstnaren som var ei kritisk røyst i samfunnsdebatten (Obrestad, 2001; Sørbo, 2015). Relasjonen mellom desse to er lite kjend, men dei var på ulike vis med- og motspelarar gjennom tretti år. Teoretisk byggjer paperet på teori om sosiale nettverk, særleg på Mark S. Granovetters klassiske artikkel «The Strength of Weak Ties» (1973). Metodisk kan det karakteriserast som ein gruppebiografi, rett nok over ei minimal gruppe.

Referansar

Aschim, A. (2008). *Ein betre vår ein gong: Elias Blix*. Oslo: Samlaget.

Granovetter, M. S. (1973). The Strength of Weak Ties. *American Journal of Sociology*, 78(6), 1360- 1380.

Grepstad, O. (2002). *Det nynorske blikket*. Oslo: Samlaget.

Obrestad, T. (2001). *Arne Garborg: Ein biografi* (2. utg.). Oslo: Gyldendal. Sørbo, J. (2015). *Arne Garborg: Frå bleike myr til alveland*. Oslo: Samlaget.